

Kva er eit nettverksmøte?

Eit nettverksmøte er ei uformell samling av dei menneska som på ein eller annan måte har betydning for deg.

Har me vanskar i livet, er det ikkje alltid lett å løysa flokene åleine.

Erfaring viser at nettverk kan yta mykje hjelp og støtte i ein vanskelig situasjon. Det å ha eit godt nettverk av personar ein kan spørja om råd og hjelp frå, gjev eit godt utgangspunkt for å klara og håndtera utfordringar i livet.

Du bestemmer sjølv kven du vil invitara på nettverksmøtet. Det kan vera familiemedlemmar, venner, naboar, bekjente og arbeidskollegaer.

Du kan og invitara aktuelle fagpersonar du har kontakt med.

Dei som er tilstades har verdifulle erfaringar og kjenner deg gjerne på forskjellige måtar.

I nettverksmøte snakkar me saman om situasjonen, deler ulike tankar, følelsar og prøver å komma fram til ein felles forståelse som kan bidra til nye løysingar.

Dette kan bidra til at du lettare når behandlingsmåla du tenkjer er viktige for akkurat deg.

Korleis fungerer eit nettverksmøte?

Du bestemmer sjølv kva tema som skal vera i fokus. Møtet kan vera heime hjå deg sjølv eller ved Voss DPS.











I nettverksmøter er det to møteleiarar. Dei forbereder du møtet med og vidare vil dei hjelpa deg å halda fokus på det du har valgt å snakka om, men utan at møteleiarane har den tradisjonelle «ekspertrollen». Møteleiarane har ansvaret for at prosessen og dialogen i møtet.

Kvifor velja nettverksmøte?

- Å tenkja høgt saman med andre kan gjera at du ser nye løysingar på problemer.
- Nettverksmøter kan føra til betre samarbeid.
- Kan gje dine nærmaste større forståing.
- I eit nettverksmøte vert det ofte skapt tillit og håp.
- Kan gje deg bere mestring av ein vanskelig livssituasjon og mulighet til å påverka hjelpen din.

Vil du veta meir om nettverksmøter?

Ta kontakt med avd leiar Linda-Synnøve Skaar

Avdelingsleiar	Linda-Synnøve Skaar	
Psykiater	Synnøve Klette	
Psykologspesialist	Beth Ellingsen	
Vernepleiar med vidareutdanning i traume	Anne Gerd Væhle	
Psykomotorisk fysioterapeut	Helga Marit Forthun	
Psykomotorisk fysioterapeut	Silje Willassen Haugan	
Ergoterapeut med vidareutdanning i kognitiv terapi	Siv Iren Helle	
Sjuepleiar med vidareutdanning i rus og psykisk helse	Jorunn Bidne	
Sosionom	Borgny Instanes	
Musikkterapeut	Tor-Øyel Bidne Kvitne	
Klinisk sosionom og barneansvarleg	Jenny Tøn	

Voss DPS NKS Bjørkeli, Gruppepoliklinikken

NETTVERKSMØTE

-eit behandlingstilbod som inkluderer dei personane du tenkjer er viktig for deg



Me held til på Voss DPS, Bjørkeli i 2. etasje. Eigenandel er kr. 345,- pr. dag. Du får tilvising frå fastlegen din eller behandlar og vanleg rettighetsvurdering gjeld.

Bjørkelivegen 27, 5705 VOSS. E-post: post@bjorkeli.no www.bjorkeli.no